

Sundag 30. august med sunn fotballmat på Heio

21.08.2015



Her står det meste av matgruppa: Anne Grethe Sjo, Kjetil Myklebust, Gina Helle Berge, Britt Stensletten, Hildegunn Hansen og Bente Nilsen

Sundag 30. august er det servering av sunn fotballmat på Heio, under den årlege cupen for rekruttane født mellom 2005 og 2010. SPARcupen har vorte svært populær og no aukar nok populariteten enda meir etter det initiativ som matgruppa har teke.

Anne Grethe Sjo og Gina Helle Berge tok det allereie i fjar, men då slo det ikkje an i dei styrande organa. Men i år gjekk eit samrøystes styre inn for sunnare servering.

- Nokon av oss tykte at det vart for mykje søtsaker og brus og det hadde lite med idretten å gjera. Difor går vi i år ut med ein heilt annan meny, melder matgruppa.

Og den sunne menyen består av betasuppe, laksewrap, grove lappar, beger med fersk frukt, fruktdrykk, vatn og kaffe.

SPAR er sjølv sagt sponsor framleis og Anne Grethe Sjo trur neppe at satsinga er større frå butikken si side enn i fjar då menyen var sotare.

- Vi hadde ikkje klart dette løftet utan dei, seier Anne Grethe.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen